



# KYRKJELEG FELLESRÅD

KYRKJEVERJA I KVAM

O

Postadresse:  
Norheimsund kyrkje,  
Postboks 39, 5601 NORHEIMSUND

E-mail: [kyrkjeverje@kvam.kyrkjer.net](mailto:kyrkjeverje@kvam.kyrkjer.net)  
Telefon: 56 55 17 45      Mob. 41 40 00 35  
Bankgiro: 3530.20.70472 - Org.nr.: 976995082

Dykkar ref:

Vår ref:  
Hs

Dato:  
12. sept 2019

## Referat frå møte i Fellesrådet

**Stad:** Norheimsund kyrkje  
**Tid:** Onsdag 18. september kl 15.15

### Til stades:

Hans Atle Soldal  
Ingvill Sørheim  
Lars Arne Vik  
Olav Tombre  
Kristian Neteland  
Eva Oppen  
Oddvar Ulltang

### Ingen varamenn møtte

### Meldt forfall:

Ida Lindøe

**Andre:** Hans Soldal (sekretær)

**Møteleiar** Odd Øygarden

**Opningsord** Oddvar Ulltang

**Sakliste:**

20/19	Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat
21/19	Meldingar
	Oppfylging av gamle FR saker
	Kyrkjebladet
22/19	Diakonstillinga
23/19	Tertialrapport rekneskap
24/19	Fellesrådet sitt budsjett for 2020
25/19	Lydproblematikk Norheimsund kyrkje
26/19	Kyrkjevalet lokalt. (dei innvalde blir lista opp
27/19	Eventuelle endringar i kontorstøttesystem
28/19	Kopiering – satsar og rutinar
29/19	Redaktør kyrkjebladet

**20/19 Godkjenning av innkalling, sakliste og møtereferat.**

Vedtak:

(samrøystes) Sakliste, innkalling til dagens møte og møtebok for møtet 15/5-19 vert godkjende.

Til å skrive under møteboka vart valde: Eva Oppen og Oddvar Ulltang.

**Sak 21/19 Meldingar**

Vedtak: *Framlagde meldingar vert tekne til vitande.*

**Sak 22/19 Diakonstillinga**

Tilsettingsutvalet refererte til arbeidet og meddelte at Sigrid Eriksen-Tufteland fekk tilbod om stillinga som diakonimedarbeider. Ho har frist ut komande veke for å takke ja skriftleg, men har munnleg meddelt at ho tek i mot.

Vedtak:

Fellesrådet tek tilsettingsutvalet sitt vedtak til vitande.

**Sak 23/19 Økonomisk tertialrapport nr 2, 2019.**

Vedtak: *Kvam kyrkjelege fellesråd tek rapporten til vitande.*

*Kyrkjeverja skal kome med utfyllande informasjon til neste møte*

**Sak 24/19 Fellesrådet sitt budsjett for 2020.**

Vedtak:

*Framlegg frå leiar: samrøystes vedteke.*

*Fellesrådet vedtek å auke prisar på ulike tenester i pakt med generell prisstigning. Kostnader til diakonlønn vert å innarbeide i framlegg til heradet. Utgifter til etablering av elektronisk sak/arkiv system vert også å legge inn i budsjettframlegg for 2020.*

**Sak 25/19 Lydproblematikk i Norheimsund kyrkje.**

Vedtak: *Samrøystes*

*Kyrkjeverja får fullmakt til å arbeide vidare med kartlegging av lyd i Norheimsund kyrkje og om nødvendig engasjere akustikar. Mogeleg endring av anlegget må leggjast fram for soknerådet før vedtak i fellesrådet.*

## **Sak 26/19 Soknerådsvalet**

*Vedtak:*

*Fellesrådet tek valresultatet til vitande.*

## **Sak 27/19 Bransjeprogram for administrative dataløysingar (vedlegg: tilbod)**

*Vedtak: (samrøystes)*

*Fellesrådet går inn for å få etablert eit elektronisk arkiv/sak system snarast levert av Kirkepartner*

*Kyrkjeverja får fullmakt til å hente inn tilbod frå Kirkepartner. Fellesrådet skal orienterast før avtale vert inngått.*

*Fellesrådet forlenger avtala med Vekstra under føresetnad av at dei kan levere eit offentleg rekneskp med automatisk uttrekk av Kostratall.*

## **Sak 28/19 Kopiering. Rutinar for fakturering**

*Framlegg til vedtak:*

*Fellesrådet fakturerer for kopiar til organisasjonar og lag som ikkje er eigd av sokneråda.*

## **Sak 29/19 Redaktør kyrkjebladet!**

*Vedtak: (samrøystes)*

*Fellesrådet utfordrar staben til å fungere som redaksjon.. Lars Arne Vik fordeler oppgåvene og samordnar arbeidet for neste nummer.*

Komande møte.

- Onsdag 6. november (siste møtet for det gamle rådet)
- Onsdag 11. desember (nytt råd trer i kraft 1. desember)